



Einingsleiarane

Vår referanse:
19/859/19/8067/31/JEB

Arkivkode:
FE-003

Dykkar referanse:

Dato:
15.10.2019

Til høyring - utkast til språkplan for Samnanger kommune

Formannskapet handsama 03.10.2019 sak om språkplan for Samnanger kommune. Det vart vedteke å senda utkast til språkplan ut på høyring til einingane i kommunen, med høyringsfrist 01.11.2019.

Språkplanen vil erstatta kommunen sin noverande målbruksplan, og koma opp til endeleg handsaming i kommunestyret 05.12.2019.

Utkastet til språkplan følgjer som vedlegg til dette brevet. Vedlagt følgjer òg kopi av saksutgreiinga til formannskapsmøtet 03.10.2019.

Kort informasjon om saka:

- Samnanger kommune sin noverande målbruksplan vart vedteken av kommunestyret i 1998. Dette er i dag den eldste planen som er gjeldande i kommunen.
- Utkastet til språkplan byggjer mellom anna på eit tilsvarande dokument som Kvam herad har laga, samt på språkhjelp-sidene til Språkrådet. Utkastet er delt inn som følgjer:
 - Innleiing med mellom anna nokre språkpoltiske mål for Samnanger kommune
 - Del 1 - Slik når du lesaren
 - Del 2 - Slik skriv du rett
- Me viser elles til den vedlagte saksutgreiinga og utkastet til språkplan for meir detaljert informasjon om saka.

Høyringsuttalar frå einingane

Som nemnt ovanfor er einingane sin høyringsfrist **fredag 01.11.2019**. Høyringsuttalar må vera skriftlege, og skal sendast til sørvissenteret på kommunehuset (e-post postmottak@samnanger.kommune.no).

Med helsing

Jan Erik Boge
rådgjevar

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.

Vedlegg:

Høyringsutkast til språkplan for Samnanger kommune
Kopi av saksutgreiing til formannskapet 03.10.2019